

Innretting og kriterium for Vestland fylkeskommune sin ordning med Regionalparkar. Brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet.

Vestland fylkeskommune ser på regionalparkane som er etablerte, eller er under etablering, som gode regionale utviklingstiltak. Fylkeskommunen ønsker å vere ein medspelar på denne type verdiskaping i kommunar og lokalsamfunn.

I kulturarvsamanheng handlar dette ikkje om einskilde kulturobjekt, men om heile kulturmiljø. I verdiskapingssamanheng, handlar parkmodellane like mykje om sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping som økonomisk.

Kven kan søkje

Søkjar må ha ansvar for ein park i Vestland som er godkjend som regionalpark, eller som har, eller arbeider for UNESCO-godkjenning (Geopark, Verdsarvpark, Biosfære-park).

Kva kan du få stønad til

Regionalparkar. Brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet, inneheld to ordningar. Du kan søke på:

- A. Regionalparkar - driftstilskot
- B. Regionalparkar - utviklingstilskot
- C. Begge delar

1 . Regionalparkar - driftstilskot

Føremål med ordninga

Driftstilskotet skal har eit langsigkt, strategisk preg, og gå til det varige føremålet at regionalparkane forvaltar kulturmiljø og naturkvalitetar av nasjonal og internasjonal verdi som skal takast vare på som del av felles kulturarv og identitet, samt vere kjelde for kunnskap, oppleving og verdiskaping for nålevande og framtidige generasjonar.

Med drift vert meint det å halde i gang organisasjonane som driv regionalparkane. Drifta skal bidra til å stimulere bulyst, ta vare på og formidle heile kulturmiljø og stimulere verdiskaping, økonomisk, sosialt, kulturelt og miljømessig.

Kva kan du få støtte til

Tiltak som er med på å stø opp om kjerneverksemda i regionalparkane, og er med på å sikre langsiktig, stabil drift.

Døme på kva du kan få støtte til under Regionalparkar - driftstilskott:

- Administrasjon og leiing
- Tiltak som stør opp om god forvaltning av kulturmiljø og naturmangfold
- Vedlikehald av inntektsgjevande aktivitetar (billettsal, sal av informasjonsmaterial og suvenirar, gaiding, osb.)
- Vedlikehald av digitale tenester
- Formidling og tilrettelegging til besökande, organisering av aktivitetar og skjøtselstiltak som del av drifta
- Løypande marknadsføringsaktivitetar
- Sikring mot datainnbrot
- Andre driftskostnader

Kva kan du ikkje få støtte til

Kostnader som ikkje fell inn under å oppretthalde parkane sine kjernefunksjonar, fell utanfor denne ordninga.

Andre døme:

- Investeringar
- Utvidingar og/eller omorganisering av eksisterande verksemd
- Utviklingsprosjekt

- Ubetringstiltak på kulturminne som fell inn under andre tilskotsordningar

Søknadsfrist

Søknadsfrist for tilskot i 2022 er 1. november 2021.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjer vedtak om fordeling av midlane.

2. Regionalparkar - utviklingstilskot

Føremål med ordninga

Føremålet med ordninga er å stø opp om det viktige utviklingsarbeidet som vert gjort i regionalparkane. Ordninga skal stimulere til framvekst av gode møteplassar for lokalbefolkinga, til å oppnå innfriing av FN sine berekraftsmål og til brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet.

Kva kan du få støtte til

Alle utviklingstiltak i regionalparkane sin regi som har eit langsiktig strategisk preg.

Døme:

- Tiltak som stør opp parkane si rolle som lokal samfunnsutviklar
- Tiltak som er med på hjelpe parkane i å innfri FN sine berekraftsmål
- Tiltak som legg til rette for møteplassar, grasrotinitiativ og bulyst
- Utvikling av nye digitale tenester
- Ny aktivitet som initierer brei verdiskaping, økonomisk, kulturelt, sosialt og miljømessig derunder søknader til Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram og tilskott til utvikling gjennom Norske Parker
- Utvikling av formidlingsaktivitetar
- Tiltak som bidreg til ei meir tverrsektoriell tilnærming for å utvikle regionale satsingar i Vestland og bidra positivt til kunnskapsutvikling på området.
- Organisasjonsutvikling
- Tiltak som stør opp under arbeid i parkane med å kvalifisere seg til UNESCO-godkjenning
- Inntekts - publikumsutvikling, derunder utvikling av marknadsføring
- Tiltak som stør opp under verdikjeder innan produksjon og sal av mat basert på lokale mattradisjonar og berekraftig tilverking

Kva du ikkje kan få støtte til

Kostnader som vert definert inn under drifta av parkane.

Døme:

- Kostnader til faste stillingar
- Kontor- og datautstyr
- Forsikring
- Straum
- Andre driftskostnader

Søknadsfrist

Søknadsfrist for tilskot i 2022 er 1. november 2021.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjer vedtak om fordeling av midlane.

3. Generelle vilkår

Krav til søknaden

Det er utarbeidd eige elektronisk søknadsskjema som skal nyttast ved søknad til Vestland fylkeskommune. Søkjar må gje kontaktinformasjon som namn, adresse, telefonnummer og organisasjonsnummer.

Søknaden må innehalde ei skildring av kva det vert søkt støtte til. Eventuelle samarbeidspartar må synleggjerast. Naudsynte vedlegg slik som arbeidsplan og budsjett må følgje søknaden, eller ettersendast dersom dei ikkje er klare på søknadstidspunktet (t.d. årsmelding og rekneskap).

Søknaden må innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon og minst gjere greie for følgjande:

- Årsrekneskap, budsjett og verksemndplan for regionalparken
- Behov for driftstilskot, utviklingstilskot, eller begge
- Punktvis søknad om stønad til konkrete kostnader til drifts- eller utviklingsoppgåver
- Finansieringsplan, milestolpeplan og plan for bruk av tilskotsmidlane (skal nyttast i seinare rapportering)
- Skildring av ønska effektar av tiltaka

Vi ønsker informasjon om kven som er med å finansiere regionalparken:

- Kommunar
- Lag og frivillige organisasjonar (her kan ein rekne arbeidsinnsats)
- Fylkeskommune
- Private
- Statsforvaltaren
- Statlege midlar (t.d. frå Norske Parkar, departement eller direktorat)

Søknaden skal vere signert av ansvarleg søker. Dersom søknaden er mangefull, kan det verte høve til å rette dette innan ein nærmare fastsett frist. Dersom manglane ikkje er retta innan fristen, kan søknaden verte avvist.

For å få tilskot er det ein føresetnad at søknaden fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal fylkeskommunen gje ei samla fagleg vurdering av søknaden. De vil få tilsendt svar på dykkar søknad innan februar i det påfølgande år.

I tillegg til søknad, må det vere levert godkjend rapport og rekneskap for året før for at søknaden skal verte handsama.

Vilkår for tildeling

Tildeling føresett forpliktande medverknad frå dei aktuelle kommunane.

Oppfølging og rapportering

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding som vedlegg til ny søknad innan 1. november kvart år.

Søkjar skal rapportera status innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 1. november i det påfølgande år. Rapporten skal innehalde:

- Relevant dokumentasjon som klart viser korleis drift og forvaltning er gjennomført og om måla er nådd
- Utgreiing av gjennomført drift og eventuelle avvik frå budsjett/planen for arbeidet
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og samla finansiering, spesifisert på:
 - Stat eller fylkeskommune
 - Kommune
 - Tilskot frå andre offentlege organ (t.d. Kulturminnefondet, Kulturrådet)
 - Anna finansiering (spesifisert)
 - Eigeninnsats/eigen finansiering

Søkjar skal elles varsle fylkeskommunen dersom ein ønsker å gjere vesentlege avvik frå søknaden.

Om tilskotsmottakar er knytt til revisor og tilskotet er kr. 300 000 eller høgare, skal tilskotsmottakar også sende inn revidert årsrekneskap, signert av tilskotsmottakar, evt. ved styret.

Generelt gjeld det at fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalingar vert haldne attende og at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Misleghald

Om kostnadene vert rimelegare enn budsjettet i søknad, eller om drifta ikkje vart gjennomført etter føresetnadene, skal dei overskytande midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom mottakar gir uriktige opplysningar eller det ligg føre vesentlege avvik frå søknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage

Vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova § 28. Klage vert sendt til Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering. Klagefrist er 3 veker frå søker mottok underretninga om vedtaket.

I Vestland fylkeskommune si underretning til søkerane om vedtak skal det mellom anna opplyst om klagetilgang, klagefrist og partsinnsyn mv., jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.